



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

KRAGERØ KOMMUNE

Postboks 128

3791 KRAGERØ

Att.:Grunde Wegar Knudsen

Team mobilitetstjenester

Vår dato: 04.09.2023

Deres dato: 23.06.2023

Vår referanse: 22/20042-9

Deres referanse:

Vår saksbehandler: Tore Felland Storhaug

Gratis ferjer.

Fylkeskommunen set pris på og vil takke for innspelet og engasjementet rundt ferjetilbudet.

I dette brevet vil administrasjonen i fylkeskommunen så langt som råd freiste å svare på dei seks punkta du tek opp på side 2 i brevet. Vi hadde eit møte 21.08.23 med administrasjonen i Kragerø kommune der gratis ferje var eitt av temane.

Administrasjonen i fylkeskommunen legg til grunn at nytt hovudutval for samferdsel får ei sak om gratis ferje i Kragerø så snart dei økonomiske rammene og handlingsrommet for 2024 er avklara.

- Gratis ferje gjeld for personar og køyretøy, ikkje gods og pakke-transport. Fylkeskommunen er takstmynde for alle personreiser og køyretøy på fylkesvegstrekingane, medan Representantskapet/kommunen er takstmynde for køyretøy på dei kommunale vegstrekingane. Det vert halv pris på strekinga Stabbestad-Kragerø som er fastland fastland, då ferjesambandet har over 100 000 reisande i året, ca. 220 000 reiser i 2022.
- VTFK ynskjer ikkje å avgrense tilbodet berre til fastbuande, då ei slik ordning vil vera krevjande å administrere og ikkje utan risiko i høve til EØS regelverket. Staten har heller ikkje gjort ei slik avgrensing. Kolumbus/Rogaland fylkeskommune har gjort ei vurdering av dette og finn at det er mogleg å gjera ei slik avgrensing. Dette vil vera tema i ei politisk sak.
- Administrasjonen i VTFK vurderer at det kan vera ei god løysing å berre tilby gratis reiser i lågsesong, ikkje minst som følge av at finansieringa er usikker. Slik vi vurderer det no, er truleg einaste alternativet for å unngå rutereduksjonar i 2024 at ein finansierer tilbodet med sumartakstar for alle reisande på alle strekingar. Dette vil vera tema i ei politisk sak. Då kan ein vurdere om Kragerø kan administrere og finansiere ei oblatordning for fastbuande dersom kommunen ynskjer det.
- Administrasjonen i fylkeskommunen avviser ikkje ei ordning med plassreservasjon, men den må handsame alle likt. Korleis dette praktisk kan gjerast, og at alle opplever at dei vert handsama likt nok, kan verte ei utfordring.
- Fråkøyting av bilar og passasjerar er fullt ut eit økonomisk spørsmål som kvar vegmynde må ta stilling til. På fylkesvegstrekingane (Skåtøy-Kragerø og Stabbestad-Tåtøy-Kragerø) ynskjer vi å vidareføre denne ordninga og betale ein pris per ekstra tur til selskapet. Om Kragerø kommune ynskjer tilsvarande ordning for dei kommunale strekingane lyt dei avklare. Denne utfordringa vert mindre om ein har betaling på sumaren.
- Det vil vera gratis å reise til/frå øyane for passasjerar også med passasjerbåten. Det endå ikkje endeleg avklara om kommunane framleis skal betale for grunnskuleskyss til/frå øyar.

Med helsing

Tore Felland Storhaug

tore.storhaug@vtfk.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
KRAGERØ KOMMUNE	Grunde Wegar Knudsen	Postboks 128	3791 KRAGERØ

Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post

Terje Riis-Johansen

Sven Tore Løkslid

Maja Foss Five

Per Kristian Nilsen

trinejo@gmail.com

Liselotte Aune Lee

Charlotte Therkelsen

Charlotte Therkelsen

Jan Petter Abrahamsen

Arve Høiberg

Tone Elisabeth Berge Hansen

Per Wold

Team mobilitetstjenester	Tore Felland Storhaug	Postboks 2844	3702 SKIEN
--------------------------	-----------------------	---------------	------------

KRAGERØ KOMMUNE	Knut Jarle Sjørdalen	Postboks 128	3791 KRAGERØ
-----------------	----------------------	--------------	--------------

Thorleif Fluor Vikre		Løkkebakken 20	3770 KRAGERØ
----------------------	--	----------------	--------------

Jan Thorsen		Hantovegen 6	3825 LUNDE
-------------	--	--------------	------------

Marius Schulze		Rørviklia 19	3772 KRAGERØ
----------------	--	--------------	--------------

KRAGERØ FJORDBÅTSELSKAP IKS	Borgar Slørdal	Ytre Strandvei 1	3770 KRAGERØ
-----------------------------	----------------	------------------	--------------